



Frå Kom deg ut dagen i Fjellhaugen i februar.

Barnas turlag presenterer eit svært innhaldsrikt program for 2017. Her kan deltakarane oppleva alt frå utandørs klatreaktivitetar, geologidag i Steinparken, kjekke turar i den flotte naturen vår med mange kjekke aktivitetar, og film. Turane er spreidde rundt i heile kommunen og vil garantert gje både born og vaksne minnerike opplevingar.



På turen til Storhaug vil dei treffa på slike morosame kunstverk.

Ein av turane er lagt til Uskedalen. Det er beremeistur til Storhaug. Der skal ein gå skogsvegen frå Haugland til Storhaug med Gørill S. Eik og Geir Arne Seglem som turleiarar. På vegen skal dei mellom anna glede seg over kunstverka til Gaute Haugland. Turen går 21.mai.

Ein spesiell tur vert nok adventsturen til Sjøhaug i Rosendal. Då skal dei ha med seg forfattaren Anders Totland, og han skal lesa for dei medan store og små kosar seg med gløgg og fyr på peisen. Det vert familiedag ved Opsangersvatnet(juni) og Kom deg ut-dag på Valeøya(september) med masse kjekke aktivitetar. To dagar i april vert det utandørs klatring på Seim.

Her ver det mykje kjekt å vera med på!! De finn programmet ved å klikka [HER](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Kjell Yri og frå turbrosjyren.